



Norges
nasjonalparker

DNT Oslo og Omegn



Utsiktspunkt Vettisfossen og Ny DNT-hytte på Vettismorki

Invitasjon til felles opening den 16. juni



Velkommen til opning av Utsiktspunkt Vettisfossen og ny DNT-hytte på Vettismorki! 16.06.2023

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen og DNT Oslo og Omegn inviterer til offisiell opning av Utsiktspunkt Vettisfossen og ny DNT-hytte på Vettismorki fredag den 16. juni.

Det er felles avgang til utsiktspunktet frå Naturhuset kl. 09.00. Frå Naturhuset til Vetti er det om lag 5,5 km, og frå Vetti er det om lag 1,5 km og 350 meter stigning til utsiktspunktet. Frå utsiktspunktet er det om lag 1 km vandring i lett terreng til den nye DNT-hytta på Vettismorki.

Ta med eiga niste, drikke, varme og vindtette klede, og godt fottøy.



Program, fredag 16. juni 2023

Klokkeslett	Program	Kva skjer?
09.00	Felles avgang frå Naturhuset	Felles avgang for alle som ynskjer frå Naturhuset med Årdal Turlag
10.00	Felles avgang frå Vetti gard	Felles avgang frå Vetti gard. Orientering om sti-arbeid undervegs v/Rigmor Solem.
12.00	Offisiell opning Utsiktspunkt Vettisfossen	<ul style="list-style-type: none"> - Velkommen ved leiar i nasjonalparkstyret - Fosselokkar ved Karl Seglem - Informasjon om prosjektet Byggherre Dronninga Landskap Ekehaug Maskin - Statssekretær Kjersti Bjørnstad i Klima- og Miljødepartementet opnar utsiktspunktet - Fosselokkar ved Karl Seglem <p>Etter opning følgjer vi den T-merka stien vidare til Vettismorki.</p>
13.30	Offisiell opning av DNT-hytta på Vettismorki	<ul style="list-style-type: none"> - Velkommen ved Jan Erik Reiten, DNT Oslo og Omegn - Om Vettismorki ved Ingjerd og Marie, døtrene til grunneigar Berit Vetti - Om byggeprosessen og arbeidet med den nye DNT-hytta på Vettismorki ved DNT Oslo og Omegn

Kaffi og kanelbollar frå Tya Bakeri



Utsiktspunkt Vettisfossen

Ved Vettisfossen har det vore ei utsiktsrampe i meir enn 100 år. Den gamle installasjonen var moden for utskifting, og nasjonalparkstyret bygde derfor ei ny utsiktsplattform.

Arbeidet med den nye plattformen starta allereie sommaren 2019 då nasjonalparkstyret var på synfaring på staden. Sidan har det vore gjennomført både ein moglegheitsstudie og kartlegging av berggrunnen som grunnlag for prosjektering, før sjølv byggearbeidet kunne starte. Byggearbeidet kom i gang i midten av august 2022, etter den høgste turistsesongen og den sårbare hekketida for rovfugl. Vel to månader seinare var utsiktsplattformen på plass.

Ny DNT-hytte på Vettismorki

DNT Oslo og Omegn opnar no ei ny sjølvbeteningshytte på Vettismorki. Hytta blir eit nytt tilbod i rutenettet i Jotunheimen, og ein kjærkomen overnattingsstad for fotturistar i Utladalen.

Den nye DNT-hytta består av eit restaurert laftehus (nye fjøsen), som tidlegare har stått både i Valdres og i Gudbrandsdalen, og Storesolet, eitt av dei gamle stølsbygga som har vore her sidan tidleg på 1800-talet. Storesolet er sett i stand innvendig og utvendig utan fasadeendringar, slik at materialar og fargar blir vidareført.

Det er totalt 9 sengeplassar på Vettismorki, 6 i Storesolet og 3 i hunderommet i nye fjøsen. Arbeidet er gjennomført med ei blanding av kontraktarbeid og på dugnad, med hjelp frå både lokale, og folk frå ut- og innland. Heile 1400 dugnadstimar har gått med i arbeidet.

Kontaktinformasjon

Jotunheimen nasjonalpark:
Nett:

sfinpost@statsforvalteren.no
www.jotunheimen.info/
www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen

DNT Oslo og Omegn:
Nett:

info.oslo@dnt.no
<https://www.dntoslo.no/>